



## Notat

Dato: 30.05.2017  
Arkivsak: 2017/4387-10  
Saksbehandlar: gunradd

---

**Til:** Hanne Kathrin Vie

---

**Frå:** Gunhild Raddum

---

### Fråsegn til kommuneplanens arealdel, Samnanger kommune 2017-2027

Dokumentet som er på høyring gir ein ryddig og god oversikt over dei ulike områda som er lagt fram til ulike formål. Offentleg og privat tenesteyting har ein svært sentral plassering, og det er positivt med tanke på tilkomst for publikum. Det er viktig at kommunen bygger opp om ein senterstruktur som gjer det enkelt å ta seg fram til viktige målpunkt med buss, sykkel eller gange. Bustadområda er i hovudsak konsentrert kring Bjørkheim og Haga, og med tanke å redusere bruk av privatbil mest mogleg er det eit riktig vegval å utvikle desse områda. Her er det mogleg å legge tilrette for god tilkomst til busstilbod og handel og service. Utfordringa blir å inkludere Tysse, og skape samanbindingar mellom dei to tettstadane i kommunen. Det er omlag 6 km mellom desse tettstadane, men vegtilhøva og eit avgrensa busstilbod gjer at dei fleste reisene vil vere bilbasert. For unge og eldre som ikkje har tilgang på bil kan avstanden og manglande tilrettelegging for andre reisealternativ by på utfordringar.